



Vedtekter for kommunale barnehagar i Sør-Fron kommune

Innhold

1. EIGAR	2
2. FORMÅL	2
3. LEIING.....	2
4. FORELDRA SITT ARBEIDSUTVAL OG SAMARBEIDSUTVAL	2
5. OPPTAK.....	3
5.1 Opptaksnemnd.....	3
5.2 Opptakskriterier.....	3
6. OPPSEIING.....	4
7. FORELDREBETALING	4
8. OPNINGSTID OG FERIAR	5
9. AREALUTNYTTING	5
10. TEIEPLIKT	5
11. KOMMUNENS INTERNKONTROLLSYSTEM	5
12. VEDTEKTER.....	6



1. EIGAR

Sør-Fron kommune eig dei kommunale barnehagane.

2. FORMÅL

Dei kommunale barnehagane i Sør-Fron skal drivast i samsvar med lov om barnehagar gjeldande frå 1.1.2006, forskriftene og retningslinene som departementet til ei kvar tid fastset, og kommunale planar/vedtak. Barnehagane skal arbeide i nær kontakt med lokalsamfunnet, slik at barna får kjennskap til si eiga bygd og sin lokale kultur. Verksemda skal byggje på dei etiske grunnverdiane som er forankra i lov om barnehagar § 1.

Nynorsk er opplæringsmålet i Sør-Fron kommune, og skal så langt det er mogleg brukast i songar og litteratur i barnehagane.

3. LEIING

Barnehagane ligg administrativt under kommunalsjef for oppvekst. Kvar barnehage skal leiast av ein barnehagestyrar.

4. FORELDRA SITT ARBEIDSUTVAL OG SAMARBEIDSUTVAL

Kvar barnehage skal ha eit FAU (foreldra sitt arbeidsutval) og eit SU (samarbeidsutval) slik lov og forskrifter krev. FAU er eit utval som er samansett av 2 foreldre frå kvar avdeling i barnehagen. Styrar deltek på møte i FAU.

Kvar barnehage skal ha eit SU med 6 representantar, 2 foreldre og 2 representantar for dei tilsette. Styrar og ein politikar, valt av kommunestyret, representerer eigaren.

Årsplanar/planar for det pedagogiske innhaldet i barnehagen skal leggjast fram for FAU og fastsetjast av SU.

Personalet og SU har teieplikt etter § 13 i forvaltningslova.



5. OPPTAK

5.1 Opptaksnemnd

Hovudopptak blir gjort av ei opptaksnemnd som består av 2 kommunale barnehagestyrarar. Styraren i den største barnehagen er leiar i opptaksnemnda. Opptaksnemnda har rett og plikt til å gjera hovudopptaket av barn i alle godkjente barnehagar i kommunen. Søknader om opptak i barnehagen blir besvart med enkeltvedtak av opptaksnemnda ved leiaren.

Opptak utanom hovudopptaket blir gjort fortløpende av barnehagestyrarane.

5.2 Opptaksriterier

Opptakskrinsen for barnehagane i Sør-Fron kommune er barn som er busett i Sør-Fron kommune når barnehageåret tek til i august, og som har søkt om plass innan søknadsfristen for hovudopptaket.

Ei totalvurdering av barnet sin situasjon og samansetjinga i den enkelte barnegruppa skal ligge til grunn ved tildeling av barnehageplassar. Barnehageplass er rekna som tildelt når barnet har fått tilbod om plass i ein av barnehagane.

Retninggjevande prioriteringar ved opptak:

1. Søknad om opptak skjer elektronisk via Sør-Fron kommune si heimeside.
2. Søknadsfristen for hovudopptaket er 1. mars.
3. Barn som er tildelt plass i barnehagen har plassen inntil barnet tek til i skulen.
4. Barnet har, som hovudregel, lagt til ordet hovudregel, rett til å bli verande heile barnehageåret i den avdelinga barnet begynte i.
5. Søsken bør få tilbod om plass i same barnehage.
6. Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak etter barnehageloven sin § 18. Dokumentasjon frå psykologisk pedagogisk rådgjevingsteneste, helsesjukepleier eller lege må ligge ved søknaden.
7. Barn søkt inn etter lov om barnevernstenester § 4-4 (hjelpetiltak) har rett til prioritet ved opptak etter barnehageloven sin § 18.
8. Barn der familiemedlemmar har langvarig sjukdom eller større psykiske eller fysiske vanskar, som kan ha innverknad på barnet sin livssituasjon, skal prioriterast ved opptak (dokumentasjon frå lege eller helsesjukepleier må ligge ved søknaden).
9. Barn som er flyktingar skal prioriterast ved opptak.
10. Barn som har einsleg forsørgjar som er i arbeid eller utdanning, eller av andre viktige grunnar treng barnehageplass kan prioriterast ved opptak.

Under elles like vilkår har dei eldste barna prioritet før dei yngste. I følgje barnehagelova § 16 har barn som fyller 1 år, seinast innan utgangen av august det året barnet søker



barnehageplass, rett til plass i barnehage frå august. Barn som fyller 1 år i september, oktober eller november det året det blir søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehagen innan utgangen av den månaden barnet fyllet 1 år.

Det blir gjeve tilbod om 80 % eller 100 % plass. Ein kan velje fridag elektronisk i søknaden.

Barn som bur i andre kommunar kan få plass eitt barnehageår om gongen, og ved ledig kapasitet i barnehagen.

5.3 Klage på vedtak


Vedtak vedrørande tildeling av plass kan påklagast. Dersom søker vil påklage vedtaket om barnehageplass, skal klagen sendast til kommunen innan 3 veker frå det tidspunkt vedtaket er gjort kjent for søkeren. Kommunalsjef for oppvekst er klageinstans for klage på vedtak om opptak, jf. § 28 i forvaltningslova.

6. OPPSEIING

Tildelt barnehageplass kan seiast opp. Oppseiinga av barnehageplass skal gjerast elektronisk på Sør-Fron kommune si heimeside, seinast 1 månad før barnet sluttar. Det skal betalast for oppseiingsmånaden. Om ein har takka ja til eit tilbod, gjeld reglane for oppseiing sjølv om man ikkje har starta i barnehagen.

7. FORELDREBETALING

1. Sør-Fron kommunestyre fastset satsane for foreldrebetalinga innanfor dei reglane som Stortinget har fastsett. Eventuelle endringar vil normalt gjelde frå 1. januar.
2. Betalinga skjer i gjeldande månad.
3. I tillegg til opphaltsbetalinga blir det kravd kostpengar for å dekke utgifter til mat.
4. Ein betaler for barnehageplassen i 11 månader. Feriefråvær gjev ikkje fritak frå betaling.
5. Dersom ein ikkje fullt ut nyttar den tida ein har fått, må ein likevel betale for det tilbodet ein har takka ja til.
6. Ved sjukefråvær som strekkjer seg samanhengande ut over ein månad, kan kommunalsjefen for oppvekst, etter søknad, gi betalingsfritak for den tida som går ut over ein månad.
7. Søknad om permisjon frå barnehagen må sendast skriftleg til barnehagestyren ein månad før aktuell permisjonsperiode. Styrar avgjer søknaden om permisjon inkludert spørsmål om betaling.
8. Ved manglande betaling mistar ein retten til barnehageplass.



9. Retningsliner for kjøp av enkeltdagar i barnehagen:
 - a. Barnet må allereie ha barnehageplass i ein av kommunen sine barnehagar.
 - b. Det må vera ledig plass i barnegruppa.
 - c. Dagane må om mogleg avtalast minst 1 dag på førehand.

8. OPNINGSTID OG FERIAR

Barnehagane er opne frå klokka 06.45 til klokka 16.30 frå måndag til fredag. Barn skal ha ferie minst 4 veker i løpet av barnehageåret. 3 veker skal vera samanhengande om sommaren. I tillegg har barnehagen 5 planleggingsdagar i løpet av barnehageåret, da er barnehagen stengd.

Barnehagane held stengt frå 24. desember til og med 1. januar, samt påskeveka.

I tre veker på sommaren blir barnehagetilbodet gjeve ved ein av dei kommunale barnehagane. Oppstart av barnehageåret følgjer oppstart av skuleåret, fyrste skuledag for elevane.

9. AREALUTNYTTING

Kunnskapsdepartementet sine rettleiande normer for arealkrav i barnehagar, skal vere norm for Sør-Fron kommune.

Arealnorm inne:

- 4 m² for barn over 3 år
- 5,3 m² for barn under 3 år

Arealnorm ute:

- Minimum 6 gonger leike- og oppholdsareal inne.
- Uteområdet skal vere eigna til allsidig leik og utfalding.

10. TEIEPLIKT

For verksemder som blir drivne etter lov om barnehagar, gjeld reglar om teieplikt i forvaltningslova §§13 til 13 g, jf. barnehagelova § 44.

11. KOMMUNENS INTERNKONTROLLSYSTEM



Barnehagane skal drivast i samsvar med kommunen sitt internkontrollsysteem, forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skuler og eventuelle andre forskrifter og føresegner som er gjeldande eller som måtte bli gjort gjeldande. Styrarane har ansvaret for at dette blir gjort.

12. VEDTEKTER

Vedtekten blir fastsett av Sør-Fron kommunestyre. Reint formelle endringar kan gjerast administrativt.

